



Doktor Haugen, distriktslege i Kvinnherad frå 1934 til 1966.

Det vert snart sett strek for innsamling av historiar om den legendariske doktor Haugen. Innsamlinga har vore overveldande med over 80 historiar så langt, frå 50 informantar i det som var Kvinnherad fram til kommunesamanslåinga på 1960 talet. For dei som ikkje har sendt inn sine historiar, er det enno tid, men det bør gjerast innan 1.oktober. Det same gjeld om nokon sit på gode bilete eller anna arkivmateriale.

Bakgrunnen for innsamlinga går tilbake til desember 2014 då det vart skrivi ein serie innlegg om doktor Haugen på Uskedalen.no. Berre på nokre veker kom det inn om lag 40 ulike historiar No er talet kome opp i over 80 munnlege forteljingar om den folkekjære doktoren. Redaksjonen med Thor Inge Døssland, Kristian Hus og Kristian Bringedal kjenner til at det enno er mange som sit på gode minne og anekdotar.

Doktor Haugen er fødd i 1895 og kom til Rosendal som distriktslege i Kvinnherad i 1934, ei stilling han hadde fram til 1966. Han var då 71 år gamal. Seinare var han privatlege. Doktor Haugen døyde i 1986, 91 år gamal.

Målet er å få med historiar frå heile Kvinnherad og at det er breidde i innhaldet. Derfor er det svært positivt at vi har motteke historiar frå svært mange av Kvinnheradsbygdene. Ei gruppering syner at det er med hendingar som fortel om mangfaldet i ein distriktslege sitt liv på den tida. Det er nok å nemna: Sjukemeldingar, vaksinasjon, sjuketransport, legen som fødselshjelpar, bruk av bil og motorsykkel, rask utrykning, utekontora hans og ikkje minst tale, rim og kjappe replikkar.

Målet med innsamlinga er å få publisert materiale i bokform i 2019.

Ta kontakt med Thor Inge Døssland på mobil 932 88 237 (epost: thordossland@gmail.com) eller Kristian Bringedal - mobil: 915 31 487. E-post: kristian.bringedal@gmail.com

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003



Frå innsamlinga i Mauranger. Møte med informant Johan Flatebø i Nordrepollen.